



Kai-Olav Kvamme  
Skarsvegen 289  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1441 - 19/28494

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
23.09.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 142/18 Kvamme øvre

Tiltak: Bustad  
Byggjestad: Gbnr: 142/18  
Tiltakshavar: Kai-Olav Kvamme  
Ansvarleg søkjar: Kållås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest den 10.09.2019.

Løyve til oppføring av einebustad – gbnr 142/18 Kvamme, datert 12.06.2018, vart gjeve på følgjande vilkår:

### **Før det vert gjeve mellombels ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltak på eigedom gbnr. 142/18 skal det ligge føre:**

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg i sak 18/1590 og løyve til påkopling datert 30.05.2018.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg KV02 (Erstadvegen) med fortau samt utbetring av avkøyrse V1 og V2 til Erstadvegen nr.1 og 20-40 i sak 17/1245 og løyve til etablering av veg, vatn og avløp datert 19.12.2017.
3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for intern veg og intern avkjørsle.
4. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg i sak 18/1590 og løyve til påkopling datert 30.05.2018. Søkjar er Hjelmås Vvs as.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg KV02 (Erstadvegen) med fortau samt utbetring av avkøyrse V1 og V2 til Erstadvegen nr.1 og 20-40 i sak 17/1245 og løyve til etablering av veg, vatn og avløp datert 19.12.2017. Sjå link til saka [her](#)



Mellombels bruksløyve i sak 17/1245 fell vekk på fristdato for ferdigattest som var 01.05.2019.  
Ansvarleg søkjar er Haugen Vva AS.

Dersom det er ønskeleg å gjere om søknaden til søknad om mellombels bruksløyve inntil 2 år, må godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg ligge føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 16.10.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Kai-Olav Kvamme  
Kålås Bygg AS

Skarsvegen 289 5911  
Torvhusmyrane 2 5913

ALVERSUND  
EIKANGERVÅG

### **Mottakarar:**

Kai-Olav Kvamme  
Kålås Bygg AS

Skarsvegen 289 5911  
Torvhusmyrane 2 5913

ALVERSUND  
EIKANGERVÅG